

Vedtekter

For

NBF Sogn & Fjordane

Vedteke og gjort gjeldande av krinsting den 28. april 2002.

Endra kretsting 18. april 2004

INNHALD	2
Kapittel 1 – Basisvedtekter	3
Verkeområde, § 1-1	3
Organisering, formål og oppgaver, § 1-2	3
Medlemsskap og kontingent, § 1-3	3
Krinsen sine rettar og plikter, § 1-4	4
Organisatoriske bestemmelsar, § 1-5	4
Representasjon på bridgeting og krinsleiar møte, § 1-6	4
Krinstinget, § 1-7	4
Krinstinget si samansetjing, § 1-8	4+5
Krinstingets sine oppgaver, § 1-9	5
Ekstraordinært krinsting, § 1-10	6
Krinsstyre, § 1-11	6
Kapittel 2 - Særlege bestemmelsar for Sogn & Fjordane Bridgekrins	7
Mesterskapsstruktur, §2-1	7
Krinsstyret sine oppgaver, §2-2	7+8
Representasjonsstønad, § 2-3	8
Styregodtgjersle, §2-4	8
Kortkjøp, §2-5	8
Kapittel 3 - Oppløysning og vedtektsendring	9
Oppløysning, § 3-1	9
Vedtektsendring, § 3-2	9

KAPITTEL 1.

BASISVEDTEKTER SOM SKAL VÆRE LIK FOR ALLE KRINSAR

§ 1-1 Verkeområde

Krinsen er det regionale nivå i organisering og forvaltning av bridgesporten under Norsk Bridgeforbund, og omfattar alle klubbar i regionen som er medlem av NBF. Det geografiske virkeområde for NBF Sogn & Fjordane bridgekrins er fastsett av Forbundsstyret 12.09.99, og er skildra slik: Krinsen omfattar heile Sogn & Fjordane fylke med unntak av Aurland kommune.

§ 1-2 Organisering, formål og oppgåver

Krinsnivået med Krinstinget som øvste mynde og Krinsstyret som det utøvande organ skal utøve si verksemd i samsvar med det formål som går fram av NBF si vedtekt § 1-2:

- Å spreie kunnskap om og forståing for bridgesporten som positiv verdiskaper i samfunnet og for det enkelte individ gjennom eit fellesskap prega av likeverd, lojalitet og demokrati.
- Å organisere utøvinga av bridgesporten på ein måte som skjerpar mental helse, stimulerer og utløyser redeleg konkurranse og skapar eit trygt og godt sosialt miljø.

Krinsen si oppgåve er å setja i verk dei tiltak som går fram av NBF sine vedtekter, jfr. § 9-1, dei påfølgjande paragrafane og det NBF pålegg utover dette.

Fleire krinsar kan med forbundsstyret si godkjenning opprette eit felles regionråd som kan koordinere felles interesser og tiltak.

§ 1-3 Medlemsskap og kontingent

Alle klubbar innanfor krinsens sitt geografiske område som er opptekne som medlem i NBF utgjer krinsen sin medlemsmasse.

Kontingenten til klubbane vert fastsett av krinstinget.

§ 1-4 Krinsen sine rettar og plikter

Krinsen sine rettar og plikter i høve til NBF, klubbar og enkeltmedlemmer går fram av NBF sine vedtekter kapittel 3.

§ 1-5 Organisatoriske bestemmelsar

De organisatoriske bestemmelsar som gjeld alle organisasjonsledd går fram av NBF sine vedtekter kapittel 4.

§ 1-6 Representasjon på bridgeting og krinsleiarmøte

Krinsen si deltaking i Bridgetinget og Krinsleiarmøte går fram av NBF sine vedtekter kapittel 5 og kapittel 8

§ 1-7 Krinstinget

Krinstinget er krinsen sin høgste mynde. Mellom tinga er krinsstyret høgste mynde.

Ordinært krinsting skal haldast annakvart år innan midten av april månad. Krinstinget kan avgjera at tinget skal haldast kvart år, jfr. § 1-9. Saksdokument til forbundsting skal handsamast 2 månader før dette dersom framlegg skal stillast.

Krinstinget vert innkalla av krinsstyret seinast 4 veker før tinget.

Grunngjevne framlegg til krinsting kan verte fremma av klubb, krinstinget sine oppnemnde komitèar og krinsstyret seinast 14 dagar før tinget. Fullstendig dagsorden, årsmeldingar, revidert rekneskap, innkomne framlegg og valkomiteen si innstilling skal krinsstyret kunngjera seinast ei veke før tinget.

§ 1-8 Krinstinget si samansetjing

Med stemmerett møter:

- Krinsstyret sine medlemmer, eventuelt fungerande varamedlem(mer).
- Klubbleiarar.
- Valde representantar frå klubbar, som skal dokumenterast med fullmakt, etter følgjande skala:

Inntil 24	medlemmer	1 representant
25 - 50	medlemmer	2 representantar
Over 50 -	medlemmer	3 representantar

Med tale- og framleggsrett kan møta:

- Representant for forbundsstyret.
- Æresmedlemmer.
- Krinsstyret sine varamedlemmer.
- Leiarar av krinstinget sine oppnemnde komitèar med tale- og framleggsrett innanfor vedkommande sitt arbeidsområde, jfr. NBF sine vedtekter §§ 4-1 og 7-1.
- Revisor med talerett innanfor vedkommande sitt arbeidsområde.
- Andre gjester kan av krinsting eller krinsstyre få tale- og framleggsrett.

§ 1-9 Krinstinget sine oppgåver

Krinstinget skal:

- Godkjenne representantane sine fullmakter.
- Velja dirigent og sekretær. Desse overtek sine funksjonar umiddelbart etter valet.
- Godkjenne innkalling og dagsorden.
- Velja 2 representantar til å underskrive protokollen.
- Handsame krinsstyret si årsmelding for tingperioden og fatte vedtak om ansvarsfridom for styret.
- Handsame avslutta og revidert rekneskap for tingperioden og fatte vedtak om ansvarsfridom for styret.
- Handsame framlegg til vedtekter for krinsen, eller endring av vedtekt (utover basisvedtektene fastsett av bridgetinget), herunder spørsmål om krinsting skal haldast årleg eller anna kvart år, jfr § 1-7.
- Handsame framlegg til reglar og bestemmelsar om egne meisterskapsturneringar, tiltak og æresmedlemmer, jfr. NBF sine vedtekter § 5-1.
- Handsame innkomne framlegg.
- Handsame framlegg til budsjett, herunder fastsetja kontingent og avgifter.
- Gjennomføre val til følgjande tillitsverv i tingperioden.
 - Krinsleiar.
 - Kasserar.
 - Det tal styremedlemmer og varamedlemmer som går fram av denne vedtekten sin §1-11.
 - Valkomitè.
 - Andre komitèar som krinstinget har oppretta.
 - Revisor.
 - Representant til Bridgetinget. Valet kan overlatast til krinsstyret.
 - Autorisasjonsutval. Valet kan overlatast til krinsstyret.
- Utnemne æresmedlemmer og tildele andre heidersteikn.

§ 1-10 Ekstraordinært kringsting

Ekstraordinært kringsting vert halde når krinsstyret, forbundsstyret eller 1/3 av klubbane i krinsen krev det. På ekstraordinært kringsting kan det berre handsamast saker som kravet om det ekstraordinære tinget omfattar og som er kunngjort i innkallinga.

§ 1-11 Krinsstyre

Krinsstyret skal ha seks medlemmer. (NBF sine vedtekter krev minst 5 medlemmer, jfr. § 9-6. Kringstinget kan auke talet.)

- Leiar
- Kasserar
- Sekretær
- Styremedlem 1, Ungdoms/kurskontakt
- Styremedlem 2, Turneringsansvarleg
- Styremedlem 3, Organiseringsansvarleg

Krinsstyreleiar kallar inn og leier møtene. Det bør haldast minst 3 møter for året, og alltid når minst 3 av styrets medlemmer krev eit møte.

Krinsstyret peiker sjølv ut nestleiar.

Krinsstyret skal:

- Handheva organisasjonen sine vedtekter og bestemmelsar og setja i verk kringstinget sine avgjerder samt instruksar frå bridgeting og forbund.
- Forvalte krinsen sine midlar og eigenlutar.
- Handsame søknader om opptak av nye klubbar eller samanslåing av klubbar.
- Sjø til at klubbene sender årsmøteprotokoll og revidert rekneskap til krinsstyret innan fastsett frist.
- Forvalte midlar og eigenlutar frå klubbar som vert nedlagd.
- Rettleia klubbane og føre kontroll med klubbane si verksemd med omsyn til organisasjonen sine formål, vedtekter og andre bestemmelsar.
- Stå til teneste for enkeltmedlemmer eller grupper av medlemmer i dei tilfelle dette vert sett på som naudsynt av omsyn til deira anseelse og utøving av bridgesporten.
- Oppnemne utval etter behov, samt utarbeide instruks for desse.
- Organisere krinsen sine meisterskapsturneringar. Arrangementet kan overlatast til klubbar eller oppnemnde arbeidsgrupper.
- Delta i bridgeting, krinsleiar møte og andre særskilde møter som overordna organ kallar inn til.
- Fungere som krinsen si disiplinærmynde, jfr. NBF sitt disiplinærreglement.
- Utarbeide og leggja fram for kringstinget årsmelding og revidert rekneskap, og dessutan førebu alle andre saker som skal handsamast på tinget.
- Sende utskrift av kringstinget sin protokoll til klubbar og forbundsstyre.

KAPITTEL 2

SÆRLEGE BESTEMMELSAR FOR NBF SOGN & FJORDANE

(Under dette kapitlet kan krinstinget vedta utfyllande bestemmelsar vedrørande eigen krins, men dei må ikkje vera i strid med NBF sine vedtekter eller øvrige bestemmelsar. Bestemmelsane under dette kapitlet må godkjennast av Forbundsstyret.)

§ 2.1 Meisterskapsstruktur

KM- PAR vert spela med lokale kvalifiseringar.

KM- LAG vert avvikla med turneringsform fastsett av krinsstyret.

Krinsstyret fastset sentral spelestad for dei ulike samlingane i regionane.

En spelar som deltek i krinsen sine meisterskap må, i tillegg til å ha medlemskap, vera busett i krinsen eller kunne dokumentere aktiv deltaking i minst ein av krinsen sine klubbar før kvalifiseringa startar. Med aktiv vert meint dokumentasjon av minst fem spelekveldar/turneringar de siste 12 måneder frå påmeldingsdato.

Unntak frå dette reglementet er spelarar frå nabokrinsar som ikkje har tilsvarande arrangement.

Det er tillatt å spela KM-par finale (inkl. NM-kval.) med ein annan kvalifisert makker enn den opprinnelege.

I alle krinsen sine offisielle turneringar er aktivt medlemskap i ein av krinsen sine klubbar tilstrekkeleg for deltaking.

§ 2.2 Krinsstyret sine oppgåver underordna § 1-11

Leiar

Leie krinsen sine møter, passe tidsfristar, overordna oppsyn med styret sine øvrige medlemmer, forhandle avtaler på vegne av krinsen, herunder leige av lokaler. Representere.

Kasserer

Ta vare på krinsen sin økonomi, herunder fakturering, oppfølging av fordringar. Betale krinsen sine utgifter og føre eit oppdatert rekneskap. Budsjettering.

Sekretær

Føre protokoller frå alle møter, sende ut alle nødvendige dokument.

Styremedlem 1, Ungdoms/kurskontakt

Skal være klubbane sin kontaktperson og assistent ved igangsetjing av kurs. Skal disponere kursmateriell og systematisere klubbane sine erfaringar

Styremedlem 2, Turneringsansvarleg
Planleggjer og gjennomfører krinsen sine arrangement.

Styremedlem 3, Organiseringsansvarlig
Ansvarlig for at materiell, premiar, kort og eventuelt andre ting er tilstades ved krinsen sine arrangement.

Andre oppgåver som skal fordelast:

- Internett, oppdatering og strukturering av sider, mottak av E-post.
- Skriwa og ta vare på krinsen sin historikk.
- Utfylling av krinspoeng.

Oppgåvene skal fordelast blant styret sine medlemmer, og desse er solidarisk ansvarlig overfor kvarandre.

§ 2.3 Stønad ved representasjon

Framlegg om følgjande stønad:

- Godtgjersle etter staten sitt regulativ under tenestereiser i krinsen sin regi.
- Godtgjersle etter staten sitt regulativ ved klubbane si deltaking på krinsting, fråtrekt passasjertillegg og 100 km.
- Spelarar som representerer krinsen i lukka norske meisterskap, samt NM junior, kan få innvilga stønad ved grunngjeven søknad til krinsstyret.
- I 1., 2. og 3.divisjon SM kan startavgifta verte refundert ved grunngjeven søknad til krinsstyret.

§2.4 Godtgjersle til styret og andre i krinsen si teneste

- Det viser seg at det i større og større grad medfører økonomisk utlegg å være tillitsvald i organisasjonar. Mykje av utgiftene er i tillegg svært kompliserte å halde oversikt over. I tillegg er arbeidet så omfattande for enkelte at kompensasjon er naudsynt. Krinstinget fastsèt årleg godtgjersle som krinsstyret fordeler ut i frå arbeidsmengd til styre og utval.

Pengane er meint å dekke utgifter som er vanskelege å dokumentera: Telefon, enkeltvise brev, småkjøring inntil 10km, servering ved private møter o.l. Vert utbetalt årleg.

§2.5 Dublerte kort

Klubbane vert pålagt å bruke krinsen sine kort ved turneringar med forbundspoeng. Dette gjeld ikkje klubbar som har eigen dubleringsmaskin ved deira egne arrangement.

KAPITTEL 3

OPPLØYSING OG VEDTEKTSENDRING

§ 3-1 Oppløysing

Det går fram av NBF sine vedtekter § 2-1 at krinsnivået er ein del av NBF sin organisasjon, og at Forbundsstyret fastsèt krinsgrensene. Endring av desse tilhøva kan ikkje vedtakast på krinsnivå. Dette gjeld òg namnet på krinsen.

§ 3-2 Vedtektsendring

Endring av basisvedtektene (kapittel 1 og 3) kan berre vedtakast på ordinært bridgeting, jfr. NBF sine vedtekter § 13-2.

Endring av punktet i § 1-11 om tal medlemmer i krinsstyret utover 5 og alle paragrafar under kapittel 2 kan berre vedtakast på ordinært kringsting. Vedtak om vedtektsendring på desse punktene er gyldig dersom 2/3 av de møtande representantar stemmer for framlegget.